

Vår saksbehandler
Geir Henrik Sund Sæther 47668839

Vår dato
08.12.2014

Vår referanse
2014/4214-4/310

Tidligere dato

Tidligere referanse
2014/16490

Til
Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900
5020 BERGEN

Høring av forslag til vassforvaltningsplan med tiltaksprogram for vassregion Hordaland. Fråsegn frå Forsvarsbygg.

Me viser til høyringsforslag til vassforvaltningsplan med tiltaksprogram for 2016-2021.

Fristen for å sende uttalelse for høyringsrunden, er 31.12.2014. I oversendelsesbrevet inviteras det til og gje innspel til forslag til forvaltningsplan og tiltaksprogram. Primært ynskas innspel til kostnader i tiltaksprogrammet. Det er også invitera til og gje innspel til forslaget til regionalt overvakingsprogram.

Forsvarsbygg har ikkje funne nokon omtale av Forsvaret eller Forsvarsbygg sine aktivitetar. Me har difor ingen konkrete innspel til forvaltningsplanen eller tiltaksprogrammet. Me ynskar allikevel å gi en generell informasjon, om Forsvarsbygg sitt arbeid med vassmiljø i samanheng med skyte- og øvingsfelt, flyplasser og hamner.

Orientering om Forsvarsbyggs vassrelaterte miljøarbeid

Forsvarsbygg bistår Forsvaret slik at miljøpåverkingene fra deira aktivitetar blir minst mogleg. Dette gjelder både naturmangfald, forureining av grunn og vatn, og støy.

I Miljøstrategien for 2014-2016, er eitt av dei fem fokusområda «Naturmiljø». Ambisjonen her for 2025, er at *Forsvarsbygg forvaltar naturareala slik at naturmangfaldet ivaretakast og utvikles innafor ramma av Forsvarssektorens verksemd*. For at måla skal nås, lages det årlig miljøhandlings-planer. Arbeidet med Vassforskrifta inngår i fokusområdet «Naturmiljø». Kvaliteten ein søker å oppnå, skal være i samsvar med Norges heilskaplege vassforvaltningsregime.

Skyte- og øvingsfelt har vi mange av rundt om i landet. I dag forvaltar Forsvarsbygg 45 aktive felt med til saman rundt 500 banar. I tillegg er 26 skyte- og øvingsfelt + Hjerkinntil avhending.

Forsvarsbygg gjennomfører *laupande overvaking av de aktive skyte- og øvingsfelta*. Det gjennomførast og tiltak inne i felta, om resultatene av overvakinga viser negativ tendens. Fokuset vårt er å hindre spreining av forureining til vatn frå Forsvarets aktivitetar, samt å velje tiltak ved behov. Tiltaka må vere mogleg å drifte og holde ved like ut frå lokale forhold og plassering. Rapportane frå overvakinga kan lastas ned frå <http://www.forsvarsbygg.no/Nedlastningssenter/Grunn-og-vatn/>

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 Telefaks 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no Internett www.forsvarsbygg.no	975 950 662 Bankkonto 4714 10 00280

Når det gjeld val av tiltak for å redusere mengda av tungmetaller ut frå skyte- og øvingsfelta, har ein rekkje materialar og tiltakstypar blitt testa gjennom årene. Dette er blant anna filtermateriale, jordtilsetningar, omlegging av bekker, etablering av kalksperrer, planting/ vegetasjonsutbetring, reinsedammar og etablering av alternative kulefang. Men, fordi skyte- og øvingsfelta ligger i ulike geografiske områder med svært ulik geologi, natur og vasskjemi, og er ulikt brukt og påverka, *må* løysingane som prosjekteras verte tilpassa staden. Diverre oppnår vi ikkje alltid ønska effekt av tiltaka.

For å være føreseieleg framover slik at både Forsvaret og omgivnadene har noko å helde seg til, har Forsvarsbygg valt ut en del skyte- og øvingsfelt som det etter kvart skal føreligge løyver til utslepp frå. Arbeid med å få på plass underlaget for og tillaging av søknader til dette, går føre seg.

Ved *avbending av skyte- og øvingsfelt* gjennomførast tiltak slik at arealbruken etterpå blir ivaretatt. Avhendinga gjennomførast i regi av Forsvarsbygg Skifte Eiendom. Her kan du finne informasjon om aktuelle prosjekt: <http://www.skifte.no/Eiendommer/Rydde--og-miljoprojekter/>. For å finne meir informasjon om ulike stader, kan du hente opp informasjon herfrå: <http://www.skifte.no/Prosjekt/>

For å være føreseieleg framover slik at både Forsvaret og omgivnadene har noko å halde seg til, har Forsvarsbygg valt ut en del skyte- og øvingsfelt som det etter kvart skal føreligge løyver til utslepp frå. Arbeid med å få på plass underlaget for og tillaging av søknader til dette, går føre seg.

Ved *avbending av skyte- og øvingsfelt* gjennomførast tiltak slik at arealbruken etterpå blir ivaretatt. Avhendinga gjennomførast i regi av Forsvarsbygg Skifte Eiendom. Her kan du finne informasjon om aktuelle prosjekt: <http://www.skifte.no/Eiendommer/Rydde--og-miljoprojekter/>. For å finne meir informasjon om ulike stader, kan du hente opp informasjon herfrå: <http://www.skifte.no/Prosjekt/>

Ved *tillaging av nye banar eller skyte- øvingsfelt* arbeidast det aktivt med å førebyggje forureining. Førebyggjande tiltak kan være å konstruere kulefang på ein måte slik at metaller frå banene ikkje lek ut i omgjevnadane. Nye banar kan plasserast på gunstige stader. Men førebyggjande tiltak gjennomførast, gjennom at ein bruker og forvaltar skytefeltet på ein miljøvenleg bra måte.

Forsvarsbygg forvaltar og fleire *flyplasser* og *hamner*. Data frå slike, vil etterkvart bli lagd inn i «Vannmiljø». Dette saman med data frå overvakinga av skyte- og øvingsfelta. I dag er hovudsakleg data frå skyte- og øvingsfelt, flyplassar og anna, *der det finns forureiningsløyve*, registrert. Forsvarsbygg arbeidar saman med Miljødirektoratet for å få alle aktuelle data inn i «Vannmiljø». Forsvarsbygg arbeider elles aktivt med å førebyggje forureining på alle område. Dette kostar oftast mindre, og er ofte det beste for miljøet.

Per Siem

Forsvarsbygg utleie forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og derfor ikke signert.
